

Eksamen

25.november 2016

HUD 2003

Yrkesutøving/Yrkesutøvelse

Programområde: Hudpleie Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkty som kan nyttas til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du nyttar kjelder i svaret ditt, skal desse alltid listas opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du nyttar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Det er til dømes ikkje tilstrekkeleg med www.wikipedia.no</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• At du syner ferdigheter i problemløysing• At faglege kunnskapar og haldningar er relevante i høve til oppgåvene• At du syner kreativitet i val av løysingar• At du har fokus på klienten• At du syner profesjonalitet i yrkesutøvinga <p>HUSK Å NUMMERE OPPGÅVENE I SVARARKET</p>

Kompetansemål som blir lagt vekt på i vurderinga:

Eleven skal:

- Utføre hudanalyse, gjere greie for ulike hudtypar og hudtilstandar, velje ut riktige produkt og apparat og utføre ansiktsbehandling
- Utføre ulike typar behandlingar og diskutere kva for eigenskapar og ferdigheitar som er sentrale i det daglege arbeidet
- Beskrive kva teieplikt inneber, og kva for konsekvensar dette har for yrkesutøvinga
- Nyta ergonomiske prinsipp i yrkesutøvinga

Case:

Du er i praksis ved Gaustadtunet Spa og Hudpleie.

Du har fått i oppgåve å ta imot og behandle Heidi under vegleiing frå ein tilsett i klinikken. Heidi er 38 år og arbeider som sjukepleiar i turnus. Heidi er plaga av feit hud og i nokre hudområde har ho også eksem. Heidi har akkurat slutta å røyke etter 20 år og er overvektig. Ho et mykje godteri, vel usunne matvanar, og huda hennar ber tydelig preg av dette.

Oppgave 1

Korleis kan du utøve god service i ditt møte med Heidi?

Oppgave 2

Heidi har fri denne dagen og har god tid. Ho har difor gitt løyve til at du som er under opplæring, får behandle henne. Du skal få vegleiing av ein av dei tilsette, men ho vil at du skal svare på følgande spørsmål mens du behandlar Heidi.

- a) Grunnje korleis du forbereder, gjennomfører og avsluttar ei ansiktsbehandling.
- b) Gjer greie for dine val av produkt og apparat.
- c) Forklar korleis du vil utføre ein hudanalyse på Heidi. Grunnje svaret ditt.
- d) Gjer greie for dei ulike hudtypane og hudtilstandane vi har.
Kva for hudtype og eventuelt hudtilstand meiner du Heidi har? Og kvifor?

Vegleiaren din er opptatt av kva du har lært om ergonomi på skolen.

- e) Korleis utøver du god ergonomi under behandlinga av Heidi?

Oppgave 3

Det er venninna til Heidi som har tipsa henne om moglegheita til å få behandlingar som gjer huda betre. Heidi lurar på kva for behandlingar venninna har fått? Heidi lurar også på om venninna hadde eit like stort problem med eksem som ho sjølv har.

- a) Forklar kva teieplikt er og korleis du vil løyse dilemmaet over.
Grunnje svaret ditt.
- b) Kva for konsekvensar kan brot på teieplikta ha for yrkesutøvinga?
Grunnje svaret ditt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> <p>Det er for eksempel ikke tilstrekkelig med www.wikipedia.no</p>
Vedlegg	
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• At du viser ferdigheter i problemløsning• At faglige kunnskaper og holdninger er relevant i forhold til oppgavene• At du viser kreativitet i valg av løsninger• At du har fokus på klienten• At du viser profesjonalitet i yrkesutøvelsen <p>HUSK Å NUMMERE OPPGAVENE I SVARARKET</p>

Kompetansemål som blir lagt vekt på i vurderingen:

Eleven skal:

- Utføre hudanalyse, gjøre rede for ulike hudtyper og hudtilstander, velge ut riktige produkter og apparater og utføre ansiktsbehandling
- Utføre ulike typer behandlinger og diskutere hvilke egenskaper og ferdigheter som er sentrale i det daglige arbeidet
- Beskrive hva taushetsplikt innebærer, og hvilke konsekvenser dette har for yrkesutøvelsen
- Anvende ergonomiske prinsipper i yrkesutøvelsen

Case:

Du er i praksis ved Gaustadtunet Spa og Hudpleie.

Du har fått i oppgave å ta imot og behandle Heidi under veiledning fra en ansatt i klinikken. Heidi er 38 år og arbeider som sykepleier i turnus. Heidi er plaget av fet hud og i noen hudområder har hun også eksem. Heidi har akkurat sluttet å røyke etter 20 år og er overvektig. Hun spiser mye godteri, velger usunne matvaner, og huden hennes bærer tydelig preg av dette.

Oppgave 1

Hvordan kan du utøve god service i ditt møte med Heidi?

Oppgave 2

Heidi har fri denne dagen og har god tid. Hun har derfor gitt tillatelse til at du som er under opplæring, får behandle henne. Du skal få veiledning av en av de ansatte, men hun vil at du skal svare på følgende spørsmål mens du behandler Heidi.

- a) Begrunn hvordan du forbereder, gjennomfører og avslutter en ansiktsbehandling.
- b) Gjør rede for dine valg av produkter og apparater.
- c) Forklar hvordan du vil utføre en hudanalyse på Heidi. Begrunn svaret ditt.
- d) Gjør rede for de ulike hudtypene og hudtilstandene vi har.
Hvilken hudtype og eventuelt hudtilstand mener du Heidi har? Og hvorfor?


Veilederen din er opptatt av hva du har lært om ergonomi på skolen.

- e) Hvordan utøver du god ergonomi under behandlingen av Heidi?

Oppgave 3

Det er venninnen til Heidi som har tipset henne om muligheten til å få behandlinger som gjør huden bedre. Heidi lurar på hvilke behandlinger venninnen har fått? Heidi lurar også på om venninnen hadde et like stort problem med eksem som hun selv har.

- a) Forklar hva taushetsplikt er og hvordan du vil løse dilemmaet over.
Begrunn svaret ditt.
- b) Hvilke konsekvenser kan brudd på taushetsplikten ha for yrkesutøvelsen?
Begrunn svaret ditt.



www.vigoiks.no/eksamen